

Tusen takkk!

I DESSE KORONA-TIDER sender vi i lokalavisene ei stor takk til alle dykk som held lokalsamfunnet vårt i gang. Helse- og omsorgsarbeidarar, transportørar, renovasjonsarbeidarar og kommunearbeidarar er berre fire døme på yrkesgrupper som fortener stor respekt og ei varm helsing i desse dagar. Vi tenkjer også på handverkarar, industriarbeidarar, butikkfolk og mange andre i servicenæringane som gjer så godt dei kan i tøffe tider. Alle fortener ei stor takk for den viktige jobben som blir gjort.

Også vi i lokalavisene gjer arbeidet vårt så godt vi kan medan korona-viruset pregar samfunnet. Lokalavisa formidlar det som skjer på godt og vondt. Mange av oss i avisene arbeider frå heimekontoret, men vi byr likevel på nyhende og praktisk informasjon som har noko å seie for kvardagen til alle i distriktet vårt. Å vere lim og lupe er jobben vår heile året, men samfunnsoppdraget til lokalavisene er kanskje viktigare enn nokon gong i desse dagar.

Du som les avisa vår, fortener også ei stor takk. Det gjer også annonsørane våre, både store og små, offentlege og private. Abonnements- og annonseinntektene gjer det mogeleg å lage lokalavis i dag, men også til hausten. Når vi vonleg er tilbake til meir normale tider.

La oss i mellomtida ta godt vare på kvarandre.

